

OPPVEKSTPLAN

2023 - 2027

INNHALD

FORORD	3
DEL 1. VISJON FOR KOMMUNEN OG EININGANE	4
MÅLSETTINGAR.....	4
BAKGRUNN	5
ORGANISERING	6
OMGREPSAVKLARINGAR.....	7
FORVENTNINGAR TIL HEIMEN	11
TVERRFAGLEG SAMARBEID I ÅSERAL	12
DEL 2. FELLES SATSINGSOMRÅDE I BARNEHGE, SKULE OG SKULEFRITIDSORDNINGA.....	14
REGIONAL ORDNING FOR KOMPETANSEUTVIKLING I BARNEHAGEN (REKOM)...	14
DESENTRALISERT ORDNING FOR KOMPETANSEUTVIKLING I SKULEN (DEKOM)	15
KOMPETANSELØFTET FOR SPESIALPEDAGOGIKK OG INKLUDERANDE PRAKSIS 	16
SATSINGSOMRÅDE I BARNEHAGEN	17
SATSINGSOMRÅDE PÅ SKULEN OG SFO.....	18
DEL 3. GJENNOMFØRING, KOMPETANSETILTAK OG ARBEIDET MED PLANEN	20
GJENNOMFØRING.....	20
KOMPETANSETILTAK	20
EVALUERING	20
OM ARBEIDET MED OPPVEKSTPLANEN:	21

FORORD

Denne planen er ei vidareføring av Oppvekstplan 2018 - 2022, som blei vedteke i kommunestyret 28.06.2018. Ny revidert plan har blitt arbeida fram i arbeidsgruppe bestående av einingsleiar ved skule og barnehage, SFO-leiar og skule- og barnehagefagleg rådgjevar. Kvar del har vore ute på høyring i personalet og hos tillitsvalte for å sikre ein grundig prosess slik at planen framleis har ei retning basert på grundige analyser og kjennskap til sektoren samt overordna rammer og forskning.

Med den reviderte oppvekstplanen ønskjer vi å sikre at Åseral kommune held fram med å vere ein attraktiv og trygg kommune å vekse opp i, og at alle barn og unge får dei beste føresetnadene for ein god start på livet. Samfunnet og behova til innbyggjarane har over tid endra seg, og det er difor naudsynt å oppdatere kommunen sin oppvekstplan for å sikre at den framleis er relevant og tilpassa dagens utfordringar. Oppvekstplanen tek sikte på å gje alle barn og unge i Åseral kommune like moglegheiter til å utvikle seg og nå sitt fulle potensial. Det vil bli gitt ekstra merksemd for å sikre at dei som treng det får ekstra støtte og ressursar, slik at ingen fell utanfor. Vi har også sett på korleis vi kan forbetre samarbeidet mellom skulen, barnehagen og andre viktige aktørar for å sikre at alle delar av oppvekstsektoren jobbar saman mot felles mål.

Vi håpar at denne oppvekstplanen vert ein verdifull reiskap for føresette, tilsette i barnehage og skule og andre som er engasjert i å skape ein trygg og støttande ramme for oppveksten. Ved å arbeide saman kan vi bidra til å forme ei framtid der kvar einskild har moglegheita til å vekse, lære og bløme.

Til slutt ynskjer vi å takke alle som har bidrege til utviklinga av denne oppvekstplanen. Dykkar engasjement for å forstå og støtte oppveksten er avgjerande for å bygge eit nærmiljø og samfunn som gir rom for å realisere sitt fulle potensial.

DEL 1. VISJON FOR KOMMUNEN OG EININGANE

Åseral kommune har i sin kommuneplan ein visjon som lyder slik: *Åseral – ei positiv kraft*. I tillegg har kommunen eit motto som seier: *Vi kan, vi vil og då skal vi få det til*. Dette er visjon og motto som også einingane barnehage og skule har med seg i sitt arbeid.

MÅLSETTINGAR

Åseral kommune har i sin kommuneplan ei overordna målsetting som seier: *Alle i Åseral skal oppleve god livskvalitet og vera godt rusta til å møte framtida*. Denne målsettinga er utgangspunktet for einingane sine målsettingar.


Barnehagen har målsettingar i sin årsplan som seier:

- Å sikre alle barn eit barnehagetilbod av høg kvalitet
- Barna skal møte eit trygt, godt og omsorgsfullt miljø der dei vaksne har tid og rom til å lytte, samtale og bry seg om den enkelte

Skulen har som målsetting å utvikle kritisk konstruktive elevar, som opplever ein kvardag utan mobbing der deira individuelle læringsbehov blir møtt gjennom tryggleik, trivsel og læring.

Desse visjonane og målsettingane følgjer med i alle planar innan oppvekstområdet. Det skal vere ein samanheng mellom planarbeidet og verktøy vi nyttar i barnehage og skule for å nå målsettingar vi har sett oss.

Det er ein tydeleg samanheng mellom strategiar og målsettingar i kommunen, regionalt i samarbeid med Nettverk Setesdal, regionplanen Agder 2030 og dei overordna sektormåla skissert av sentrale myndigheiter som også ligg til grunn i oppvekstplanen sine satsingar.



BAKGRUNN

Med bakgrunn i Regionplan Agder 2020 utarbeida Åseral kommune i 2018 ein strategisk oppvekstplan for perioden 2018-2022. Planperioden har no gått ut, og ny Regionplan Agder 2030 ligg no føre.

Det er valt ei revidering av noverande plan og ikkje ein heilt ny plan. Kommunen vil dei komande åra særskilt arbeida med utvikling gjennom regional kompetanseutvikling (Rekom) og desentralisert kompetanseutvikling (Dekom).

Rekom er ein nasjonal initiert modell for barnehagebasert utviklingsarbeid som vert organisert gjennom Nettverk Nedre Setesdal. Dette inneber tiltak som involverer heile personalet, og som finn stad på tvers av barnehagane i nettverket. Denne kompetanseutviklinga tek utgangspunkt i rammeplanen sitt innhald og intensjonar og vert gjennomført med støtte frå eksterne fagmiljø.

Dekom er ei nasjonal satsing som har som mål å auka kompetansen blant tilsette i grunnskulen, slik at elevane får betre læringsutbytte. Dekom gir tilbod om etter- og vidareutdanning til lærarar og skuleleiarar, og er organisert gjennom regionale kompetansesenter. Tilboda frå Dekom er tilpassa lokale behov og utfordringar i grunnskulen, og skal bidra til å styrkja kvaliteten på undervisninga og arbeidet til skulen med læring og utvikling. Dette vert organisert gjennom Nettverk Nedre Setesdal og inneber tiltak som involverer heile personalet, og som finn stad på tvers av skulane i nettverket.

I tabellen nedanfor er det sett inn tal på førskulebarn og skulebarn ut frå dagens innbyggjartal, og SSB sine framskrivne tal for 2023-2027.

Åseral barnehage er ein barnehage med 3 avdelingar fordelt med barn i alderen 0-6 år.

Årskull (fødd)	Tal barn (faktiske tal)	Framskrivne tal for Åseral
2018	5	
2019	12	
2020	12	
2021	8	
2022	7	
2023		7
2024		7
2025		6
2026		6
2027		6

Kjelde: SSB framskrivne tal for Åseral kommune

Åseral barne- og ungdomsskule har elevar frå 1.–10. trinn.

Årskull (fødd)	Tal elevar (faktiske tal)
2017 (1. klasse)	9
2016 (2. klasse)	10
2015 (3. klasse)	9
2014 (4. klasse)	18
2013 (5. klasse)	8
2012 (6. klasse)	11
2011 (7. klasse)	14
2010 (8. klasse)	14
2009 (9. klasse)	11
2008 (10. klasse)	11

Åseral barne- og ungdomsskule har elevar i skule- og fritidsordning (SFO)

Skuleår	Tal elevar
2020 – 2021	14
2021 - 2022	15
2022 – 2023	27
2023 – 2024	26

Desse tala er med og påverkar korleis barnehage og skule skal legge til rette for eit godt barnehage- og skuletilbod. Barne- og elevtal dannar grunnlag for bemanning, og kva kompetanse ein treng i oppvekstløpet. Det er viktig for eit godt utdanningsløp at kommunen har rett kompetanse og nok kompetanse hos fagarbeidarar, barnehagelærarar og lærarar. Desse tala vil derfor danne grunnlag for korleis kommunen skal arbeide med rekruttering og vidare-/etterutdanning av sine tilsette.

ORGANISERING

Slik som føremåla for barnehage og skule skriv om er vi oppteken av å skape godt samarbeid mellom barnehage og skule. Samarbeidet skal føre til at barn og elevar kjenner seg som del av eit heilskapleg utdanningsløp. Det er dei same verdiane som skal forvaltest i både barnehage og skule. Det inneber at barnehagepedagogikken skal fylgje med inn i skulen, og skulen sin pedagogikk skal vere kjend i barnehagen.

For å få til ei god gjennomføring av dette i kvardagen treng vi gode og tydeleg forankra samarbeidsfora, der vi er opptekne av heile opplæringsløpet. Det er òg viktig at skulen og barnehagen kjenner til mandatet til kvarandre.

I Åseral er oppvekstsektoren organisert med ein kommunedirektør og ein skule- og barnehagefagleg rådgjevar som har einingsleiar i barnehage og skule i si leiargruppe. Det er eigne leiarfora for desse einingane. Åseral kommune er òg ein del av det regionale samarbeidet med Nettverk Setesdal som skal hjelpe kommunenivået med å utvikle strategiar og satsingar for å skape eit heilskapleg opplæringsløp for barnehage og skule.

OMGREPSAVKLARINGAR


Omgrep som er skildra gjeld for både barnehage og skule.

Autoritativ vaksen:

Kva vaksenstil ein har, har innverknad for utviklinga og trivselen til barnet. Me har som mål å fremja den autoritative vaksenstilen.

Denne rolla handlar om:

- Å finne ein balanse mellom varme og kontroll
- Gi tryggleik og gode rammer
- Vere ein føreseieleg og trygg vaksen



Stilen går ut på at dei vaksne viser varme og omsorg overfor barnet, samtidig som dei er tydelege. Dei vaksne arbeider målretta med å utvikla gode relasjonar til barnet og viser ei akseptierende haldning. Autoritative vaksne har respekt for sjølvråderetten til barnet, og fremjar medråderett for barnet. Dei vaksne har òg klare forventningar og følgjer opp barnet på ein tydeleg måte når det gjeld grenser og normer. Dei vaksne etablerer gode standardar for åtferd og «guidar» barnet i utviklinga. Denne vaksenstilen påverkar barn generelt i ei positiv retning, dette gjeld òg barn med utfordrande åtferd. Det blir her vektlagt at den vaksne er varm og har evne til relasjonsbygging. Dette krev at den vaksne har kunnskap og evne til endring i vaksen veremåte overfor barnet.

Danning:

Danning er ein livslang prosess som mellom anna handlar om å utvikle evne til å reflektere over eigne handlingar og veremåte. Danning skjer i samspel med omgivingane og med andre og er ein føresetnad for meiningdanning, kritikk og demokrati. Gjennom gode dannelsingsprosessar set ein barn og unge i stand til å handtera livet ved at dei utviklar evne til å stille seg prøvande og nysgjerrig til omverda og til å sjå seg sjølv som eit verdifullt medlem av eit større fellesskap. Danning er meir enn sosial kompetanse. Kvar arbeidsplass må stille spørsmål om kva danning tyder hos oss og sette dette i samanheng med føremålet i lovverket/rammeverket.

Livsmeistring:

Livsmeistring for barn og unge kan definerast som:

«Å utvikle ferdigheiter og tileigne seg praktisk kunnskap som hjelper den einskilde til å handtere medgang, motgang, personlege utfordringar, alvorlege hendingar, endringar og konflikhtar på ein best mogleg måte. Å skapa tryggleik og tru på eigne evner til å mestre også i fremtida» (LNU, 2017).

Livsmestring for barn og unge er også nært knytt til omgrepet om psykisk helse.

Psykisk helse:


På same måte som alle har ei fysisk helse, har vi også en psykisk helse. Mens den fysiske helsa dreier seg om kva slags tilstand kroppen din er i, handlar den psykiske helsa om dine tankar og kjensler, og om korleis du har det med deg sjølv, i møte med andre og i kvardagen. Fysisk og psykisk helse er tett knytt saman, og påverkar kvarandre gjensidig (helsenorge.no).

Når eit barn har god psykisk helse har det: "evnen til å meistre tanker, følelser og atferd. Evne til å tilpasse seg endringer og håndtere motgang hører også inn under begrepet. Fraværet av psykiske plager er ikke tilstrekkelig indikasjon på god psykisk helse. Følelse av tilfredshet, empati, selvkontroll og samarbeidsevne inkluderes ofte" (Mathiesen et al. 2007)

Sosial kompetanse:

Dei kunnskapane, ferdigheitene, haldningane og den motivasjonen mennesket treng for å meistre dei miljøa dei oppheld seg i. Sosial læring skjer i alle aktivitetar. Barn og unge si faglege og sosiale læring og utvikling spelar saman i det daglege arbeidet.

Eigenleiling kan beskrivast som dirigenten av hjernen, det som fortel hjernen om korleis me skal agera i samspel med andre. Det handlar om å utvikla evna barnet har til å bruka egne ferdigheiter så godt som mogleg. Eigenleiling skildrar dei mentale aktivitetane som set i gang, styrer og regulerer det vi gjer. Eigenleingsfunksjonane skaper orden og struktur på våre handlingar i ein sosial samanheng. Innan sosial kompetanse og eigenleiling er etikk og empati grunnleggende verdiar.



Tidleg innsats:

Handlar om å arbeide systematisk på individ- og systemnivå i barnehage og skule for å sikre godt tilrettelagte barnehagetilbod og undervisningstilbod i skulen. Tilby hjelp og støtte til barn/eleva i ein tidleg fase av ei mogeleg utvikling av vanskar og utfordringar. Dette arbeidet skjer i ulike trinn ut i frå alder på barnet/eleven.



Programmet *Være Sammen*:

Inneheld 5 kjernekomponentar

- Tidleg innsats
- Utfordrande åtferd
- Den autoritative vaksne
- Kommunikasjonsteori
- Organisasjonsutvikling

Teorien i programmet har som målsetting å styrke kompetansen hos dei tilsette i arbeidet med å vere ein god rollemodell for barna. Dette er teori som vil gjelde for både barnehage og skule. For barna skal det auke den sosiale kompetansen gjennom tydelege og varme vaksne som er gode rollemodellar i kvardagen. Den delen av programmet som omhandlar verktøy for barna er utvikla for barnehagen, men nyttast òg i skulen.

Tilpassa opplæring:

Å tilpasse opplæringa betyr å legge til rette med varierte vurderingsformer, læringsressursar, læringsarenaer og læringsaktiviteter slik at alle får tilfredsstillande utbytte av opplæringa.

Skulen må gi alle elevar moglegheiter til læring og utvikling uavhengig av deira føresetnadar. Læraren skal legge til rette for ei opplæring som ivareteke både fellesskap og kvar enkelt elev, slik at elevane får best mogleg utbytte av opplæringa. Involver elevane i vurderingar og val ut frå kva som er hensiktsmessig for deira alder, utvikling og modningsnivå. Spørsmål som fremjar elevmedverknad og bidreg til læring og forståing i opplæringa, kan vere:

- Kvifor skal vi lære dette?
- Kva skal vi lære?

- Korleis kan vi lære dette?

Skulen har plikt til å tilpasse opplæringa. Det er ingen individuell rett for den enkelte elev, men skal skje gjennom variasjon og tilpassingar til mangfaldet i elevgruppa innafor fellesskapet (udir, 2022).

Vurdering for læring:

Vurdering for læring er all vurdering som blir gitt undervegs i opplæringa og som bidreg til å fremja læring. Det er særleg fire forskingsbaserte prinsipp som er sentrale i vurderingsprosessar som har til formål å fremja læring.

Føresetnadene til elevar for å læra kan styrkjast dersom dei:

1. forstår kva dei skal læra og kva som er forventa av dei
2. får tilbakemeldingar som fortel dei om kvaliteten på arbeidet eller prestasjonen
3. får råd om korleis dei kan forbetra seg
4. er involverte i eige læringsarbeid ved mellom anna å vurdere eige arbeid og utvikling

Tydelege mål og kriterium, faglege relevante tilbakemeldingar, råd om forbetring og involvering i vurderingsarbeidet er viktig for å fremja læring. Desse prinsippa er nedfelte i forskrift til opplæringslova (kap. 3) som rettigheitar for elevane. Når læraren arbeider etter desse prinsippa kan både elevar og lærar få moglegheit til å påverka opplæringa ved hjelp av kommunikasjon og dialog.

Medverknad:

Det er barn og unge i Åseral som best kjenner oppvekstforholda i kommunen. Gjennom erfaringane sine, synsvinklane og interessefeltet sitt, kan dei ha andre opplevingar og vurderingar enn vaksne. Barn og unge skal bli høyrte, og deira meningar skal leggjast vekt på. Dette gjeld både i saker som gjeld den enkelte, og i saker som vedkjem dei som gruppe. Dette er forankra i FN sin barnekonvensjon, og retten til å bli høyrte er universell. Skal barna sin medverknad bli reell, må dei vaksne rundt dei legge til rette for gode medverknadsmoglegheiter. Innspel og meiningar skal bli lytta til og vurdert, og barna sine perspektiv skal takast med i utviklinga av samfunnet. Dette betyr at vi må ha kompetanse til å tale med barn i ulike aldersgrupper slik at dei klarer å gi uttrykk for sine meiningar, og dei må gjevast arenaer og for deltaking i kommunale prosessar.

Trygt og godt barnehagemiljø:

Barnehagelova (kap. 8) seier at barnehagen skal sjå til at barna har det trygt og godt.

Alle som jobbar i barnehagen må følgja med på at barna har det bra. Viss ein vaksen veit om, eller trur at eit barn blir mobba, plaga, eller på andre måtar ikkje har det bra, skal ho eller han alltid:

- gripa inn og stoppa krenkinga med ei gong
- sei ifrå til einingsleiar i barnehagen

- undersøkje kva som har skjedd
- setja inn tiltak, og laga ein plan for å sjå til at barnet får eit trygt og godt barnehagemiljø

Handlingsplan for trivsel i barnehagen og førebygging av åtferd og mobbing omtalar korleis barnehagen arbeider for å forhindre mobbing og krenkingar av barn. Planen fortel kva barnehagen skal gjere for å forebygge, og gjenkjenne mobbing og krenkingar blant barn og vaksne, samt kva for tiltak som må gjerast dersom det førekjem mobbing eller krenking i vår barnehage.

Trygt og godt skulemiljø (gjeld òg SFO):

Opplæringslova (kap. 9) seier at alle elevar har rett til et trygt og godt skulemiljø, som fremmer helse, trivsel og læring. Skulen skal ha nulltoleranse mot krenking som mobbing, vald, diskriminering og trakassering. Åseral kommune arbeider for at alle barn og unge skal oppleve et trygt og godt skulemiljø. Alle som arbeider på skulen har aktivitetsplikt.

Aktivitetsplikten betyr at alle tilsette på skulen:

- **følgjer med** - i Åseral følgjer vi med gjennom systematiske elevsamtalar, utviklingssamtalar, planar for tilsyn, elevundersøkinga, klassetrivselsundersøkinga og observasjon
- **grip inn** - alle vaksne i skulen grip inn for å hindra krenkingar mot elevar
- **varslar** - når vaksne som jobbar i skulen får mistanke om eller kjennskap til at ein eller fleire elevar ikkje har det trygt og godt på skulen, skal han eller hun varsle einingsleiar. Det skal vera låg terskel for kva som skaper mistanke om at ein elev ikkje har det bra på skulen. Plikta til å varsle einingsleiar gjeld for all mistanke
- **undersøkjjer** - vi undersøkjjer alle mistankar eller varslingar om at ein elev ikkje har det trygt og godt, gjennom samtalar med involverte, kartleggingar og observasjonar
- **set inn tiltak** - skulen har ansvar for å laga ein aktivitetsplan i samarbeid med elev og føresette, når det er bekymring for ein eller fleire elevar sitt læringsmiljø. Eleven har rett til å bli høyrdd i utarbeidinga av planen

Skulen sin plan for et godt psykososialt miljø, jfr. opplæringslova § 9A gjev rutiner for å sikre godt psykososialt miljø slik at alle elevar opplever eit trygt og godt skulemiljø som fremmer helse, miljø og læring.

FORVENTNINGAR TIL HEIMEN

Gode oppvekstvilkår blir kjenneteikna ved omsorgsfulle og engasjerte foreldre. For ein mest mogleg gunstig oppvekst for barna, er det fleire forventningar til heimen frå barnehagen og skulen. Føresette må passa på at barnet kjem til barnehage og skule mette, utkvilt, med høvelege klede og med nødvendig utstyr. Det er òg viktig å halde auga med skulearbeidet ved å lesa vekeplanen og informasjonslappar, og sikra at leksene blir fullførte.

Kommunikasjon er nøkkelen. Det er essensielt å informera barnehagen og skulen om eventuelle forhold knytt til barnet som kan påverke kvardagen og situasjonen. Vidare, er det avgjerande at ein formidlar ei positiv haldning til skulen og barnehagen. Om ein er nøgd, bør ein dela dette med andre. Er ein misnøgd, er det viktig å melda frå direkte til barnehagen og skulen. Det er viktig å visa lojalitet i alle situasjonar.

Som gode førebilete, bør me alltid følgja opp avtalar rundt barn og elevar. Det viser at barnehagen og skulen er viktig og at den har stor innverknad for deira liv. Engasjementet kjem òg til syne gjennom aktiv deltaking i barnehage- og skulearrangement som foreldresamtalar, utviklingssamtalar og foreldremøte.


Barnehage og skule bør alltid prioriterast, også framfor fritidsaktivitetar, feriereiser og liknande. Av og til kan det vere naudsynt å setje egne behov til side for barnet sitt beste. Det er òg viktig å vise ansvar ved å sikra at elevane/barnet kjem presis, følgjer opp med informasjon som blir gitt, levere svarlappar i rett tid, melde frå ved sjukdom eller ved forfall til møter.

Vaksne har eit ansvar for at barn og unge skal bruke internett på en positiv og trygg måte. Barnehage og skule forventar at føresette er på «nett med vett» og at vi tar ansvar for korleis vårt barn bruker sosiale media. Viktigheita av at vaksne viser interesse for det digitale livet til barn og unge blir støtta av forskning som viser at der foreldre ikkje viser interesse i det digitale livet til barnet, er det òg større risiko for at barnet blir utsett eller utset andre for digital mobbing.

Det er avgjerande med respekt. Dette inneber å respektera barnehagen og skulen sine reglar og ta godt vare på materialet. Gjensidighet og toleranse er viktige prinsipp som må vere til stades for å oppnå eit vellukka samarbeid, og bidreg til å bygge tillit mellom barnehagen/skulen og heimen.

TVERRFAGLEG SAMARBEID I ÅSERAL

Denne modellen viser nokre av dei tverrfaglege samarbeidsarenaene vi har lokalt i kommunen og saman med eksterne aktørar.



Med overgangsmøte meiner ein møte mellom avdelingar i barnehage, mellom barnehage og skule, mellom trinn på skulen eller grunnskule til vidaregåande skule. Tverrfagleg observasjon etter modell av Øyvind Kvello gjeld for barnehage.

Samarbeidsmøte er for ungdom i ungdomsskulealder som blir vurdert til å vere i risiko for rus og kriminalitet. Dei som er med er einingsleiar skule, sosiallærer, politikontakt, barnevern og ruskoordinator.

Skulen har eit koordinerande team som består av einingsleiar, avdelingsleiar, sosiallærer og spesialpedagogisk koordinator for å samordne tiltak for barn og unge. Dei andre møte-arenaene gjeld for både barnehage og skule.

DEL 2. FELLES SATSINGSOMRÅDE I BARNEHGE, SKULE OG SKULEFRITIDSORDNINGA

Kommuneplanen sin samfunnsdel slår fast at Åseral skal vere ein god oppvekstkommune. På bakgrunn av kartleggingar i barnehage og skule hausten 2022 er det valt ut ulike satsingsområde. Skulefritidsordninga (SFO) er ein del av skulen sin innsats. Det som er sett opp i tabellane under er det vi vil satse spesielt på i perioden 2023-2027. I arbeidet med satsingsområda vil dei regionale satsingane og nettverka vere viktige arenaer som tiltak for arbeidet.

REGIONAL ORDNING FOR KOMPETANSEUTVIKLING I BARNEHAGEN (REKOM)

Rekom er ei statleg satsing på kvalitet i barnehagen som skal gjennomførast på lokalt nivå og bidra til at barnehagen utviklar sin pedagogiske praksis gjennom barnehagebasert kompetanseutvikling. Målet er å sikra at alle barn får eit likeverdig barnehagetilbod av høg kvalitet.

Mål med kompetansehevinga:

- Felles kunnskapsgrunnlag og økt kvalitet i arbeid med tidleg innsats og førebygging av risiko under oppvekst, utanforskap og alvorlege åtferdsvanskar
- Styrka oppdagar- og handlingskompetansen hos alle tilsette i barnehagen slik at utsette barn og unge blir tidleg oppdaga og får tilpassa hjelp og oppfølging slik at dei får utvikla potensialet sitt
- Tidleg innsats for at alle barn får ein god start og ein trygg og god oppvekst
- Alle barnehagane har eit godt og inkluderande leike- og læringsmiljø

Resultat frå kartlegging hausten 2022 og vurdering av kompetansebehov vinteren 2023 i barnehagane i Åseral kommune, Bygland kommune, Evje og Hornnes kommune, viser at barnehagane sine lokale behov for kompetanse er samanfallande i tema og innhald. Satsingsområda tek utgangspunkt i lokale behov og involverer eit samarbeid mellom einingsleiar i barnehage og personalet i barnehagen. Denne prosessen inneber grundige diskusjonar for å velja tema og område som skal fokuserast på. I løpet av denne prosessen har det vore møte i styrarnettverka på kommunenivå og dessutan personalmøte i barnehagen. Tillitsvalde har vore deltakande gjennom heile prosessen for å styrke deltakinga frå alle partar i arbeidet.

Barnehagebasert kompetanseutvikling er utviklingsarbeid som involverer heile personalet, og som skjer i den enkelte barnehage. Prioritert satsingsområde for barnehagane i Bygland, Evje og Hornnes og Åseral er "Barnehagen som arena for tidleg innsats og førebygging – førebygging av omsorgssvikt og utvikling av åtferdsvanskar".

Delemne:

- Barn si psykiske helse
- Barn som pårørende
- Forebygge skeivutvikling
- Ein barndom i vedvarande låginntekt og barnehagen sitt arbeid for utjamning av sosiale forskjellar
- Tidleg innsats i barnehagen
- Førebygge utvikling av åtferdsvanskar
- Tidleg innsats og førebygging i barnehagen for barn som er risiko for skulefråvær

DESENTRALISERT ORDNING FOR KOMPETANSEUTVIKLING I SKULEN (DEKOM)

Dekom er eit samarbeid mellom universitets- og høgskulesektoren og skuleeigar, skuleleiarar og lærarar. Samarbeidet skal ta utgangspunkt i behova i skulen for å utvikle kompetanse for alle sine tilsette. Universitet og høgskular bidreg med forskningsbasert kunnskap som i møte med praksisfeltet skal nå felles mål med ordninga som er å utvikle lærarutdanninga, samt å bidra til betre praksis i klasserommet som vil styrka den enkelte elev.

Arbeidet med vurdering av kompetansebehov og analysearbeidet er gjennomført med prosess i kvar kommune. Grunnlag for vurderingane er:

- Tilstandsrapport for grunnskulen 2021 – 2022
- Resultat på nasjonale prøver i perioden 2015-2022
- Kompetansekartlegging gjennomført hausten 2022 med alle tilsette i grunnskulen som grunnlag for vurdering av kompetansebehov.
- Kompetanseutviklingsplan for grunnskulen i den enkelte kommune
- Einingsleiar sine vurderingar og analyser av behov for kompetanse med grunnlag i resultat frå kompetansekartlegginga som er gjennomført hausten 2022. Resultatet er oppsummert i lokal arbeidsgruppe og dannar grunnlag for satsingsområde lokal kompetanseutvikling.

Vurdering av kompetansebehov for lokal kompetanseutvikling er sett i samanheng med vurdering og analyse av lokale kompetansebehov. Kompetanseløft for spesialpedagogikk og inkluderande praksis.

Prioritering av satsingsområde er med grunnlag i lokale behov og er gjennomført av rektorar med personalet i skulene, med gode prosesser for medverking i val av tema og satsingsområde. Det er i prosessen gjennomført møter i rektornettverk i den enkelte kommune, og personalmøter på den enkelte skule. Tillitsvalde har spela ei avgjerande rolle ved å representera ulike interessentar og har bidrege til å sikre at alle stemmer blir høyrte.

Tema og satsingsområde er dysleksivenleg undervisning med delemne:

- Dysleksi og dysleksivenleg undervisning

- Digitale hjelpemiddel
- Spesifikke språkvanskar
- Språk, lesing og leseferdighet
- Dyskalkuli, matematikkvanskar

Mål med kompetansehevinga er med grunnlag i kriteria for dysleksivennleg skule:

- Gode skular for elevar med lese- og skrivevanskar, men også matematikkvanskar og språkvanskar
- Skulen arbeider kontinuerleg med kompetanseheving av lærarar på områda lese- og skrivevanskar, matematikkvanskar og språkvanskar, samt god pedagogisk bruk av IKT – hjelpemiddel.
- Skulen har innført rutine for kartlegging av elevane som gjer at elevane si utvikling eller mangel på utvikling vert overvaka.
- Skulen har prosedyrar for kva som skjer når ein finn elevar med spesifikke vanskar.
- Skulen har rutinar for å sette inn forskingsbaserte tiltak for elevar som står i fare for å utvikla lese- og skrivevanskar, matematikkvanskar eller språkvanskar. Skulen evaluerer effekten av tiltaka undervegs og justerer tiltaka for å sikra best mogleg utvikling.
- Skulen har etablert ein leseplan som bygger på forskingsbasert og anerkjent opplæring i lesing. Dette må vere utbreda praksis i klasserommet.
- Skulen arbeider aktivt for å fremme tilpassa opplæring gjennom å leggja til rette for varierte arbeidsmåtar. Skulen nyttar metodar som sikrar forståing, har gode rutinar for «vurdering for læring» og involverer elevane i eigen læring.

Arbeidet med dysleksivennleg undervisning vil bli evaluert undervegs i prosessen. Dette satsingsområdet er eit steg på vegen mot å bli sertifisert som en dysleksivennleg skule.

KOMPETANSELØFTET FOR SPESIALPEDAGOGIKK OG INKLUDERANDE PRAKSIS

Åseral kommune deltek frå 2023 i kompetanseløft for spesialpedagogikk og inkluderande praksis. Kompetanseløftet omfattar tenester i laget rundt barnet som er tilsette i barnehage, skule, PP-tenesta, helsestasjon og barnevern. Ordninga skal bidra til at alle kommunar har tilstrekkeleg kompetanse tett på barna og elevane for å kunne førebyggja, fanga opp og gje eit inkluderande og tilpassa pedagogisk tilbod til alle, inkludert barn og elevar med behov for særskild tilrettelegging. Hovudtiltak i ordninga er lokal kompetanseutvikling med bakgrunn i kommunen sine egne definerte behov. I 2022 blei det gjennomført kartlegging av kompetansebehov for prioritering av satsingsområde og tiltak. Frå 2023 til 2025 vil det bli arbeida med planlegging og gjennomføring av kompetansetiltak i tråd med prioriterte satsingsområde. Satsingsområdet er kapasitetsbygging og tverrfaglege profesjonelle lærande fellesskap for å styrke laget rundt barnet.

SATSINGSOMRÅDE I BARNEHAGEN

Satsingsområde i barnehagen retter seg mot det pedagogiske arbeidet vårt for å skapa ein kvalitetsrik lærings- og utviklingsarena for barna. Detaljerte retningslinjer er omtala i årsplanen vår, som er utforma i tråd med Rammeplan for innhald og oppgåvene til barnehagen. I tillegg vil kompetanseutviklingsplanen vår spela ei avgjerande rolle i implementeringa av desse satsingsområda.

Satsingsområde /mål	Tiltak	Teikn på nådd mål
Respekt og haldningar	Nytte <i>Eg trivast-planen</i> aktivt, arbeide med denne i personalet, saman med barn og foreldre. Ta tak i mobbing og uønska åtferd. Arbeide med grunnleggjande respekt for mangfald og ulikskap. Ha merksemd på korleis vi møter kvarandre, barn–barn/barn–vaksen. Dei vaksne er samstemde, varme og tydelege i møte med kvarandre.	Barna trives, og vi ser det i kvardagen. Ro og harmoni i institusjonane. Barn og foreldre opplever at mobbing og utestenging blir teken tak i. Barn og vaksne viser kvarandre respekt. Barn og vaksne inkluderer kvarandre. Barn og vaksne er trygge på kvarandre. Barn og vaksne talar greitt/positivt med og om kvarandre. Barn og vaksne kjenner reglar som gjeld i barnehagen.
Kompetanse-utvikling	Delta i barnehagebasert kompetanseutvikling (Rekom): Barnehagen som arena for tidleg innsats og førebygging – førebygging av omsorgssvikt og utvikling av åtferdsvanskar Mål: - Felles kunnskapsgrunnlag og økt kvalitet i arbeid med tidleg innsats og førebygging av risiko under oppvekst, utanforskap og alvorlege åtferdsvanskar - Styrke oppdagar- og handlingskompetansen hos alle Tilsette i barnehagen slik at utsette barn og unge oppdagast tidleg og får tilpassa hjelp og oppfølging slik at de får utvikla sitt potensial - Tidleg innsats for at alle barn får en god start og ein trygg og god oppvekst	Barn får eit likeverdig barnehagetilbod av høg kvalitet

	Barnehagen har eit godt og inkluderande leike- og læringsmiljø	
--	--	--

SATSINGSOMRÅDE PÅ SKULEN OG SFO

Satsingsområde i skulen og SFO representerer viktige aspekt der me legg spesiell vekt på for å skapa ein optimal lærings- og trivselsarena for elevane. Detaljerte retningslinjer og informasjon om desse er omtala i årsplanen vår, som gir ei omfattande oversikt over dei pedagogiske måla våre og prioriteringar. Kompetanseutviklingsplanen spelar òg ei avgjerande rolle i å støtta implementeringa av desse satsingsområda. I tillegg skildrar rutinane og prosedyrane våre korleis me praktisk gjennomfører dei pedagogiske tiltaka våre.

Satsingsområde / mål	Tiltak	Teikn på nådd mål
Trygt og godt skulemiljø	Skulen tilbyr gratis skulelunsj og felles måltid for heile skulen kvar skuledag	At elevane opplev matglede og fellesskap
	Skulen tar del i trivselsprogrammet for å bidra til elevmedverknad, betre samhold og eit tryggare skulemiljø, gjennom organisert aktivitet i friminutta	At elevane deltek i meningsfulle aktivitetar i friminutta
	Miljøarbeidar jobbar for at alle elevar skal trivast og ha ein god skulekvardag	At elevane opplev tilfredsheit med skulemiljøet
	Nytte sosial ferdigheitsplan	At elevane opplever å møte trygge, ansvarleg og deltakande vaksne
	God og nøye oppfølging av aktivitetsplanar.	At vi scorar betre på brukarundersøkinga (elevundersøkinga) på punkt som rører ved trivsel, mobbing og elevmedverking
	Gjennomføre veneveke fast	At elevar opplev eit trygt og godt skulemiljø
	Meir leik inn i skulekvardagen	Elevar føler seg trygge i klassen, og at eleven si helse og trivsel blir betra
Den autoritative vaksenrolla	Tydeleg og involvert skuleleiing.	At elevane opplever å møte trygge, ansvarlege og deltakande vaksne. Skulen er der for elevane

	Vere trygge, varme og tydelege som vaksne, både mellom oss vaksne samt elevar.	
Skule-heim samarbeid	Sikre føresette si involvering i dialog om barnet si sosiale og faglege utvikling- dette gjennom foreldremøte, skule- heimsamtalar, IST Home, tilbakemelding på heimearbeid Positive haldningar til skulen sitt arbeid Avklare roller og forventningar til heim og skule FAU held fram med sosiale aktivitetar i løpet av året	Føresette motteke informasjon og får oversikt over eleven sin kvardag på skulen At skulen og føresette jobbar saman for å fastsette mål for læring og trivsel til eleven At føresette og skule veit kva som blir forventa og fremme eit godt samarbeid At elevar og føresette deltar i aktivitetar og opplev inkludering og fellesskap
Kompetanse-utvikling	Delta i desentralisert ordning for kompetanseutvikling i skulen (dekom). Tema og satsingsområde er Dysleksivenleg undervisning.	At våre lærarar tilpassar undervisninga, slik at alle elevawordr har like moglegheiter for tilgang til lærestoffet og at elevane kan få vist kva dei kan

For å arbeide godt med desse satsingsområda i barnehage og skule er det viktig at det er klare arbeidsfordelingar og tydelege ansvarsliner. Det er viktig at det er tryggleik i korleis vi skal arbeide heilt frå grupper/klassar og opp gjennom dei ulike ansvarslinene som er i organisasjonen. Kvart ledd er viktig for å gjennomføre desse satsingane. Konkrete arbeidsmåtar vil vere meir utfyllande beskrive i einingane sine årsplanar.

Foreldra er ei viktig gruppe for å få til eit godt læringsmiljø for barnehagebarn og elevar. Barnehage og skule er i lovverka sine forplikta til å legge til rette for eit godt samarbeid med foreldra. Det er viktig med openheit, gjensidig tillit og god kommunikasjon slik at vi kan utvikle eit best mogeleg læringsmiljø for barn og elevar.

DEL 3. GJENNOMFØRING, KOMPETANSETILTAK OG ARBEIDET MED PLANEN

GJENNOMFØRING

Oppvekstplanen skal vere eit verktøy for arbeidet i barnehage, skule og SFO. Målsettingane i oppvekstplanen skal brytast ned meir konkret arbeid i til dømes årsplanar, trivselsplanar, plan for førebygging av omsorgsvikt og utagerande åtferd. Oppvekstområdet skal gjennom desse planane sjå ein raud tråd i satsingar og arbeid i den perioden oppvekstplanen gjeld. Det skal opplevast som eit nyttig og konkret verktøy å arbeide etter. Oppvekstplanen skal vere eit aktivt dokument i oppfølging av barnehage og skule for leiarar og politikarar.

KOMPETANSETILTAK

Kompetansetiltaka for å nå satsingsområda vil vere noko ulike for barnehage og skule. Det vil også vere område som er like som ein kan sjå på felles tiltak for.

Under er det lista opp aktuelle område barnehage og skule ser på som viktige kompetansetiltak for å nå måla i planen. Det regionale samarbeidet vil vere med å bygge kollektiv kapasitet lokalt i form av ny kunnskap og erfaringsdeling gjennom nettverksarbeid og samarbeid med eksterne fagmiljø.

Endringskompetanse og etisk kompetanse er grunnleggande kompetansar barnehage og skule må ha i sitt arbeid for å nå mål som er sett i oppvekstplanen og rammeverket i barnehagelov, rammeplan for barnehage, rammeplan for SFO og opplæringslov.

Andre kompetansetiltak som er naudsynt i det daglege arbeidet er sett opp i lista under:

- Gjennomføre intern og eksternt kompetanseheving innan fagområda i rammeplan og læreplan
- Lage fast system for ein god delingskultur når personalet er med på kurs, opplæring og vidareutdanning slik at det kjem heile barnehagen og skulen til nytte.
- Oppmoda personalet til å vere med på vidareutdanningstiltaka knytt til satsingar frå Udir.
- Deltaking i rekom, dekom og kompetanseløftet

EVALUERING

Når det gjeld evaluering av oppvekstplanen, vil vi legge opp til informasjon i HOL-møte ei gong kvart halvår i tillegg til årsmelding og tilstandsrapport for skule. Vi vil ha ei midtvegsevaluering etter 2 år og ei sluttevaluering etter endt planperiode.

Barnehage og skule vil jamleg evaluere arbeidet med tiltak og teikn på nådd mål.

Både barnehage og skule gjennomfører brukarundersøkingar og elevundersøkingar som vil vere med å gi peikepinnar på korleis ein ligg an i forhold til satsingar, tiltak og teikn på nådd mål. Resultat frå desse undersøkingane vil danne grunnlag for evalueringar og informasjon til HOL og foreldreutval.

OM ARBEIDET MED OPPVEKSTPLANEN:

Vi har organisert arbeidet med oppvekstplanen med ei arbeidsgruppe med einingsleiarar i barnehage og skule, dagleg leiar ved SFO og barnehage- og skulefagleg rådgjevar. Tillitsvalde har vore informert om arbeidet undervegs, og tatt del i høyringa. Planen har vore ute på høyring i fleire rundar i personalet for sikre medverknad. Det har vore viktig for at planen skal bli eit verktøy som har realistiske målsettingar og kan gjennomførast i praksis. Oppvekstplanen omhandlar heile oppvekstløpet frå barnehage til skule. For å skape ein god oppvekst, er det viktig å sjå heile utviklingsløpet til barna der barnehage og skule arbeider tett saman om utvikling av oppvekstfeltet. Vi er opptekne av å skape eit godt og inkluderande læringsmiljø for barn og elevar gjennom tydelege satsingsområde.

Arbeidsgruppa har hatt fylgjande medlemmar:

Kirsten Austenaa (einingsleiar barnehage)

Helene Håvorstad Ljosland (einingsleiar skule)

Kari-Anne Fosse (SFO-leiar)

Lene Øyulvstad (skule- og barnehagefagleg rådgjevar)